

Sakshandsamar:
 Idar Sagen
 E-post: idar.sagen@sfj.no
 Tlf.: 41530964
Vår ref.
 Sak nr.: 15/13110-12
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internt l.nr.

2163/16

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.01.2016

Vedlegg til sak:
Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune.
Saksutgreiing for Rauset kraftverk
1. Omtale av tiltaket.

Kvitfella og Daufosselva renn frå Sørstrandsfjella og ned mot Gloppefjorden nordvest for Sandane. I øvre delen av tiltaksområdet ligg Rausetstøylen der det går traktorveg opp frå stølsvegen/ bilvegen til Sandstøylen. Nedre delen av området er prega av vegar og beite. Frå den planlagde kraftstasjonen på kote 235 skal avløpsvatnet renne ut i inntaksbassenget til eksisterande Kvitfella kraftverk. Nedanfor kraftstasjonen, om lag 500 meter før utløpet i fjorden, renn dei to elvane saman til Sandeelva. Søkjar er Rauset Kraft AS som skal skipast av grunneigarane/ fallrettseigarane.

Rauset kraftverk

Tilsig	Kvitfella	Daufosselva	Samla
Nedbørsfelt , km2	4,5	1,0	5,5
Middelvassføring ved inntaka, m3/sek	0,531	0,11	0,641
Alminneleg lågvassføring ved inntaka, liter/sek	26	5	31
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	37	7	44
Fem-persentil* vinter, liter/sek	22	5	27
Restvassføring, liter/sek	32**	110***	(142)
Kraftverk			
Inntak, kote	500	500	
Avløp, kote			235
Lengde påverka elvestrekning, km	0,8	1,2	2,0
Brutto fallhøgde, meter			265
Slukeevne, maks m3/sek			1,6
Slukeevne, min m3/sek			0,03
Installert effekt, maks MW			3,455
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	27/27	6/6	33/33
Brukstid, timar			2996
Produksjon			
Årleg middel, GWh			10,35
Økonomi			
Utbyggingskostnad, mill. kr.			41,0
Utbyggingspris, kr/kWh			3,96


* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

** Middelvassføring frå restfeltet (mellom inntak og kraftstasjon) like oppstrøms stasjonen


*** Middelvassføring frå restfeltet (mellom inntak og overføringspunkt til Kvitfella kraftverk)

Inntaket i Daufosselva er planlagt like nedstrøms ein foss der det skal byggast ein betongdam med høgde opp mot 2 meter. Neddemt areal vil bli i storleik 150 m². 300 meter rørgate skal leggast ned til eit samlepunkt, der det kjem ei tilsvarande rørgate, 600 meter, frå eit inntak i Kvitfella. Også her skal det byggast ein dam med høgde ca. 2 meter. Neddemt areal vil bli i storleik 250 m². Frå samlepunktet vil det bli lagt 750 meter felles rør ned til kraftstasjonen på kote 235, like ved inntaksbassenget til eksisterande Kvitfella kraftverk. Deler av rørgrøftene må sprengast. Kraftstasjonen vil bli i storleik 100 m².

Eksisterande traktorveg opp til Rausetstøylen skal rustast opp til bilveg, tre meter bredde. Det er planlagt anleggsvegar fram til begge inntaka. Mellom Daufosselva og inntaksbassenget til eksisterande Kvitfella kraftverk går det veg med nedgravd rørgate. Denne vegen vil bli tilkomst til kraftstasjonen for Rauset kraftverk. Nett-tilknytning er planlagt som 22 kV jordkabel langs nordsida til elva nedover til nettkiosk ved Kvitfella kraftverk (kote 30). (Kabelen vil bli lagt i same grøft som rørgata til Kvitfella II langs sørsida til elva, dersom dette prosjektet vert realisert).



Nedbørsfelt og restfelt. Overføringspunkt til Kvitfella kraftverk.



Rauset kraftverk



Daufosselva like ved stølsvegen i juni og juli 2013. 90 liter/sek og 30 liter/sek



Kvitfella. Venstre: Utsikt frå toppen av Fossehyllene. Høgre: Sett oppover. Foto I. Sagen, 18.10.15.



Venstre: Kvitfella frå Rauset. Foto: Idar Sagen, 18.10.2015. Høgre: Fossehøyene i Kvitfella, sett frå eksisterande Kvitfella kraftverk (frå framsida til rapport om biologisk mangfald)

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring heile året på 27 liter/sek frå inntaket i Kvitfella og 6 liter/sek frå inntaket i Daufosselva. Dette tilsvarer litt meir enn alminneleg lågvassføring som er 26 og 5 liter/sek. Tilsiget frå restfeltet for Kvitfella (mellom inntaket og kraftstasjonen) er berekna til 32 liter/sek i middel like overfor den planlagde kraftstasjonen. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaka vere større enn slukeevna i kraftverket i 39 dagar.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Det er ikkje venta nemnande negative konsekvensar av aktuelle inngrep.

Konsekvensvurdering for biologisk mangfald v/ Rådgivende Biologer AS, september 2013.

Samandrag i rapport side 5 og 6:

RØDLISTEARTER

.....

Vurdering: Middels verdi og liten negativ virkning gir liten negativ konsekvens (-).

TERRESTRISK MILJØ

Verdifulle naturtyper

På de aktuelle elvestrekningene ble det registrert fire fossesprøytsoner, alle med B-verdi. Fosseeng og fosseberg er rødlistede naturtyper. Temaet vurderes til middels verdi. Den reduserte vannføringen i driftsfasen vil være negativ for fossesprøytsonene. Tiltaket medfører ellers ingen arealbeslag i de registrerte naturtypene og tiltaket vurderes samlet å ha middels negativ virkning for verdifulle naturtyper.

Karplanter, moser og lav

Vurdering: Liten til middels verdi og middels negativ virkning gir liten til middels negativ konsekvens (- /--)

AKVATISK MILJØ

Elveløp er en rødlistet naturtype i kategori nær truet (NT). Kraftstasjonen planlegges rett ovenfor eksisterende inntaksdam for Kvitfella kraftverk. De aktuelle elvestrekningene er ikke tilgjengelig for fisk fra fjorden. Det kan ikke utelukkes at det finnes en og annen aure i elvene som slipper seg ned fra vannene ovenfor. Akvatisk miljø vurderes til middels til liten verdi. Tiltaket medfører at vannføringen i elvene fra planlagte inntak og ned til kraftstasjonen blir betydelig redusert. Dette vurderes å være negativt for naturtypen elveløp og for fisk og ferskvannsorganismer. Redusert vannføring i sommer-sesongen vil gi noe redusert produksjon og kan gi noe endret artssammensetning av bunndyr på berørt strekning. Tiltaket vurderes samlet å ha middels negativ virkning på akvatisk miljø. *Vurdering: Middels til liten verdi og middels negativ virkning gir middels negativ konsekvens (--)*

Landskap og INON

Konsekvensvurdering: Liten negativ konsekvens.

Kulturminne og kulturmiljø, sitat s. 19 i søkn.

Det er verken registrert treff på kulturminnesøk hos Riksantikvaren, på SEFRAK-bygninger i området eller på andre fredete kulturminner og kulturmiljøer. Det er heller ikke registrert viktige kulturlandskap eller gamle stier, veifar, steingjerder mv. Det er ikke kjent automatisk fredete kulturminner eller nær tiltaksområdet. Det ble ikke registrert noen fredete kulturminner i tiltakets influensområde når man befarte området.

Brukarinteresser/friluftsliv, sitat side 20 i søkn.

Området er mye brukt til tur- og friluftsliv av lokalbefolkningen. Siden stølsvegene brøytes, så er området i bruk også om vinteren. Midt mellom de to elvene på kote 528 ligger Rausetstøylen som er en felles støyel for alle gårdsbrukene på Rauset. Ved Rausetstøylen kan turgåere stemple for å dokumentere turen og her får man en fantastisk utsikt utover Gløppefjorden og inn mot Sandane sentrum. Herfra går det videre flere merkede stier inn i fjellområdet opp til 1300 moh. Bygging av Rauset kraftverk vil gi bedre framkommelighet for turgåere siden traktorveien blir oppgradert til skogsbilvei. Da kan også de som er dårlige til beins, få gått seg en tur til Rausetstøylen. Det finnes en middels stor hjortebestand som grunneierne utøver jakt på i området. Det finnes også noe småvilt som det jaktes på i de øvre delene av nedbørsfeltet. Det er ikke fiske i elvene siden det ikke går fisk i dem så langt oppe. Det er heller ikke reiseliv eller turisme i dette området.

Samfunnsmessige verknader

Aktuell investering er kalkulert til 41 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,96 kr/kWh, som er litt over middels pris.

Sumverknader/samla belastning, sitat s. 23 i søkn.

.....

Elvene går nedsenket i terrenget. Terrenget består av store steiner, tett vegetasjon og skog på begge sider av Kvitfella og Daufosselva, noe som gjør at fossehyllene knapt er synlige for turgåere. Man må stå på den andre siden av fjorden på et spesielt punkt for å se elvene. I perioder med fra middels til liten vannføring, er virkningen av noe mindre vann vanskelig å verifisere. Elvene representerer kun et landskapselement fra vårløsningsen til midtsommers. Da kan vannføringen i perioder være opp til 15-20 m³/s, mens det vannet som fraføres er 1,6 m³/s. Grunneierne er av den formening at vannføringen er så stor, at inntrykkstyrken av li- og fjellsiden ikke vil svekkes. Ved lavtrykk med tilhørende nedbør, trekker skydekket ofte ned til 250 moh. Området er mye brukt både til jakt, beite, tur- og friluftsliv. Oppgradering av traktorveien til skogsbilvei, gjør at også de som er dårlige til beins kan gå på tur til Rausetstøyle. Og det blir lettere og føre dyrene ut på beite samt raskere og komme seg ut i jaktterrenget. Siden tiltaket ikke forringer naturressursene i et område preget av mange inngrep, ansees det å gi en meget liten samlet belastning å bygge Rauset småkraftverk.

Avbøtande tiltak

Det er lagt opp til å sleppe minstevassføring frå begge inntaka, 27 liter/sek i Kvitfella og 6 liter/sek

i Daufosselva heile året. Dette tilsvarer litt meir enn alminneleg lågvassføring som er 26 og 5 liter/sek. Sitat side 24 i søkn.:

.....

Konsekvensene av redusert vannføring er størst om sommeren, dvs. i vekstsesongen fra mai/juni til september. For å avbøte de negative virkningene av redusert vannføring foreslår biolog en økning av minstevannføring til 0,06 m³/s i Kvitfella og 0,01 m³/s i Daufosselva i vekstsesongen (mai/juni til september). Dette vil bidra til noe høyere fuktighet langs elvene om sommeren. Tiltakshaver mener dette ikke er nødvendig fordi det er ingen truede arter på strekningen som foreslås utbygd og dessuten er det en høy restvannføring på 0,032 m³/s i Kvitfella og 0,110 m³/s i Daufosselva.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 10,35 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 41 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 3,96 kr/kWh, som er litt meir enn middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av to inntak, nedgravd/nedsprengt rørgate, kraftstasjon og redusert vassføring i Daufosselva og Kvitfella med Fossehyllene.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Kvitfella og Daufosselva ligg i fjordlandskap jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Kvitfella med Fossehyllene er markert som eit viktig landskapselement. I tråd med retningslinjene i planen får elva 2. prioritet:

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

I søknaden er Kvitfella som landskapselement sterkt underkommunisert. Med unntak for periodar med svært låg vassføring er elva nedover Fossehyllene godt synleg frå Sandane og langt utover nordsida til Gloppefjorden (Nordstranda). I Lærdal er det brukt uttrykk som «slipset i bygda» om fossar som kastar seg utfor høge og godt synlege fall. Kvitfella med Fossehyllene har ein liknande funksjon for Sandane-området. Den minstevassføringa som er foreslått i søknaden vil hjelpe lite eller ingenting i landskapssamanheng.

Kulturminne frå nyare tid

Utbygginga gjeld elvane Kvitfella og Daufosselva på sørsida av Gloppefjorden. Kvitfella går over små hyller i fjellsida og dannar vasstrengen Fossehyllene. Daufosselva har eit meir markert fossefall men vert ikkje direkte råka av utbygginga. Kvitfella med Fossehyllene og Daufossen, utgjer vesentlege landskapselement i det overordna landskapsrommet. Fossane er lett synlege på avstand og spesielt for dei som bevegar seg inn i landskapet mot Rausetstøyle. Området her er mye brukt til tur- og friluftsliv både sommar og vinter. Frå Rausetstøyle går det fleire merka stiar vidare inn i fjellområdet opp til 1300 moh. Kvitfella med Fossehyllene slik den ligg i dag, er eit godt synlig og viktig landskapselement. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Fossehyllene vert på den måten eit viktig opplevings- og landskapselement for det totale reiselivsproduktet i Gloppen.

Den planlagde røyrleidningen, frå inntaket i Kvitfella mot Daufosselva, er planlagt like forbi Rausetstøyle, langs stølsvegen i utkanten av stølsvollen. Rausetstøyle, utgjer eit heilskapleg

kulturmiljø, med stølsvollar, stølshus, tufter og andre synlege strukturar i landskapet. Fleire av bygningane er registrert i SEFRAK- registeret og utgjer her eit samla kulturhistorisk bygningsmiljø frå siste halvdel av 1800 talet. Det er likevel truleg at stølsområdet har vore i bruk over lang tid og dermed er eit område med potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

Den planlagde utbygginga vil føre til at vassføringa i elvane, frå inntaka til kraftstasjonen vert sterkt redusert. Dette vil sterkt påverke elvane som landskapselement og er spesielt negativt for Fossehylene i Kvitfella. Rørleidningen like forbi Rausetstøylen og vegframføring til inntaket i Daufosselva er og store inngrep i landskapet. Dei planlagde inngrepa i kulturlandskapet, vil sterkt påverke landskapet, kulturmiljøet og strukturar både over og under bakken. Det er vanskeleg å sjå at avbøtande tiltak kan bøte på dei skadane den planlagde utbygginga legg opp til.

Dersom det vert gitt løyve for bygging av Rauset kraftverk, der viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, stein-gardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruks-aktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst moglege synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Dersom det blir gjeve konsesjon, må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i samband med utarbeiding av MTA-plan. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i samband med undersøkingsplikta. Dersom det blir gjeve konsesjon, ber vi om at NVE set dette inn i konsesjonsvilkåra.

Ei registrering må gjerast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Kulturavdelinga i god tid før arbeidet kan gjennomførast og bereknast tilstrekkeleg tid til evet. etterfølgjande arbeid. Tiltak og anleggsverksemd må tilpassast kulturminne og kulturminneområde.

Krav om oppfølging av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i samband med utarbeiding av MTA-plan, må settast som konsesjonsvilkår.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere for store ulemper i høve til landskap og brukarinteresser, og vil rå frå at det vert gitt løyve. Her er det lagt vekt på at Kvitfella med Fossehylene er eit viktig landskapselement i fjordlandskap. Ved ei eventuell utbygging må minstevassføringa aukast vesentleg utover det som er foreslått for å bøte på desse ulempene. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.